

La Arbeiderpartiet få smake sin egen medisin

108085

- Etter oppfordringer fra flere deltakere på juletreffet vårt, gjengir vi noen av Johannes G. Toftes formastelige funderinger, som han kom med under middagen:

I *Gula Tidend* for 26. sept. hadde redaktøren ein leiar med spørsmål om dei ikkje tenkjer i NRK. Og det er nok eit spørsmål som har vore aktuelt i lang tid no, både i valkampen og Treholt-saka. Men serleg når det gjeld dette siste må dei nok ha tenkt at landssvikarar det har me rikeleg av frå før, – ettersom det «avbrukne geværs» regjering sat i landflyktighet i 4–5 år og produserte «landssvikarar» i ti-tusenvis, for sikkerhetsskuld med fleire års tilbakeverkande kraft, slik at me har verdsrekord på dette området frå før. Det må nok vera av denne grunn at NRK er så ivrig etter å få Treholt frikjent. I tillegg kjem vel og at dei i det «avbrukne geværs parti» har rikeleg med dei minst 200 000 tyskerarbeidarar dei har frå før.

NRK har elles forsømt å gjera folk kjende med ein artikkel som sto på framsida i «Arbeiderbladet» den 23. jan. 1984. Der står å lesa at Treholt «mest sannsynlig» vil bli dømt etter reglane i «landssvik-oppgjøret» – «som fortsatt gjelder».

Me er derfor no nokså mange i dette landet som er spente på om Høgsterett no vil ta i bruk «Arbeiderbladet» sin «Landssviklov» mot Treholt. Denne loven gjev nemleg høve til å gjera alle dei andre medlemmer av den tiltalte parti solidarisk ansvarlege både økonomisk og moralsk, for all den skade Treholt kan ha gjort for landet.

På dette grunnlag vart ti-tusenvis av nordmenn økonomisk og moralsk ruinerte i 1945 – sjølv om dei ikkje hadde gjort «ein katt fortred» sjølv.

Vidare kan ein etter same lova gjeva domen tilbakeverkande kraft i nokre år slik at dei

som er døde eller utmelde av partiet også kan verta «rettferdigheta til del».

Ein kan også taka stemmeretten frå alle partimedlemmer i t.d. 10 år – så har ein sikra ei borgarleg regjering for lange tider.

Ja, slik *kan* det altså gjerast om ein vil fylgja Arbeiderpartiet si oppskrift frå 1945. Og kvifor skal dei ikkje få smaka sin eigen medisin?

NRK har i det siste også lagt seg til ein interessant vane, som eg tykkjer dei bør føra vidare.

Om ein «tussebokk» i Osloområdet har gjort eit brotsverk, så får me ofte høyra at vedkomande soknar til «Nasjonalt Folkeparti». Og dette er jo heilt i orden. Men kvifor får me aldri høyra at i natt har eit medlem av Arbeiderpartiet gjort bank- eller postran? Eller ein høgremann eller ein frå Kr.F? Eller kva tid får me høyra i NRK at i dag har dei arrester ein SV-mann som er mistenkt for mord? – Ja, for det skal jo vera «likhet for loven» i dette landet?

Tilslutt må eg berre få fortelja at me som er pensjonistar no ser svært so ljos på framtida, ettersom samtlige av våre politiske parti i valkampen har «kappast» om å overby kvarandre med velgjerder for oss. – Men personleg vonar eg at det ikkje berre vert presenter me får, for då vert det berre «bløff» for minstepensjonistane og «smør på flesk» for dei som har laga seg til med altfor høge pensjonar frå før. Tillegget må koma i kroner. Om ikkje fristar det meg til å referera eit ordtak eg las i eit kommunist-skrift for meir enn 50 år sidan. Det lyder slik: «Hvem meget har skal mere gives, så svinene i Bingen trives».